

Fra: Erdal, Pål (Pal.Erdal@arbeidstilsynet.no)
Sendt: 17.02.2014 11:08:04
Til: Marianne Karin Hufthammer
Kopi:

Emne: SV: Oppfølging etter møte 28/1

Vedlegg:

Hei igjen.

Ja, det er sendt 5.2. som under, beklager at oppsettet ikke blir som originalen, den skal ligge et eller annet sted hos dere. Jeg antar at FK har avtale med ATs dokumentcenter om elektronisk oversending, men slik har det vært tidligere også. Som du ser har også vi klurr med datasystemet, de har ikke tenkt på at også titler og hilsener skal være på nynorsk....

 VÅR DATO VÅR REFERANSE 1 av 2

05.02.2014 2014/58557

DERES DATO DERES REFERANSE

VÅR SAKSBEHANDLER

Pål Erdal, tlf. 41631760

POSTADRESSE E-POST TELEFON ORGANISASJONSNR

Postboks 4720 Sluppen post@arbeidstilsynet.no 815 48 222 974761211

7468 Trondheim INTERNETT TELEFAKS

Norge www.arbeidstilsynet.no 73 19 97 01

HORDALAND FYLKESKOMMUNE BYBANEN UTBYGGING

Agnes Mowinckels gate 5

5008 BERGEN

**Tilsyn - HORDALAND FYLKESKOMMUNE BYBANEN
 UTBYGGING**

Vi viser til tilsynet hos verksemda den 28.01.2014.

Møtestad var kontora dykkar i Nordåsdalen 26.

Føremålet med tilsynet

Arbeidstilsynet ville oppsummere frå tilsyna i 2013, og drøfte vidare SHA-arbeid med byggherren, særleg med tanke på at det kjem nye entreprenørar i fleire fag, også utanlandske.

Oppsummering av tilsynet

Kontrollen ble utført på/ved:

Nordåsdalen

5235 RÅDAL

Til stades frå verksemda: Roger Skoglie (prosjektdirektør), Marianne Hufthammer (k-hms-leiar), Sandra Rommetveit (koordinator utføringsfase) og prosjektleiarane .

Til stades frå Arbeidstilsynet: Pål Erdal (seniorinspektør). , som også snakka med Martin McHueg frå Matt McDonald, SHA-koordinator planfasen.

Arbeidstilsynet la fram funn og røymsler frå dei omlag tretti tilsyna som vi utførte i 2013 på ulike entreprisar i byggjetrinn III, hovudsakleg hjå underentreprenørar og massetransportørar. Vi fekk også eit godt samarbeid med hovudentreprenørane vi då var i kontakt med. Bybanen Utbygging presenterte så dei SHA-krava de stiller og dei kontrollane (prekvalifisering) de gjer av tilbydarane før entreprisar vert tildelte. De synte korleis de i planfasen set opp og seinare evt. justerar tidsplanar for å unngå at det oppstår tidspress hjå entreprenørane. De presenterte også ein rad SHA-aktivitetar i utføringsfasen, med eit oversyn over avvik og forbedringsområde som prosjektet sjølv har gripe tak i. Deretter drøfta vi nokre av dei temaene som var framme. Vi har oppfatta at Bybanen Utbygging vil styrke KU-rolla med fleire koordinatorar. Arbeidstilsynet meiner det er eit naudsynt grep, særleg no som det kjem fleire fag/entreprisar og utanlandske entreprenørar, noko som aukar kompleksiteten og kan gje nye utfordringar.

VÅR REFERANSE 2 av 2

2014/58557

Arbeidstilsynet gjer tilsyn ut frå ei vurdering av kvar det er risiko for at det skjer brot på regelverket, både kva gjeld formalia og konkrete vernereglar. På bakgrunn av den svært gode responsen som byggherren har gjeve på våre korrigerande innspel, og innsatsen byggherren gjer i utføringsfasen, vil vi signalisere at tilsyna våre ikkje vil få same omfang framover. Bybanen Utbygging kan likevel rekne med at Arbeidstilsynet vil gjere nokre tilsyn, særleg hjå utanlandske hovud- og underentreprenørar, og hjå eventuelle bemanningsføretak.

Avsluttande hovudkonklusjon

Arbeidstilsynet oppfattar at Bybanen Utbygging etterlever byggherreforsskrifta på ein svært grundig og konstruktiv måte. Vi ser fram til eit fortsatt godt samarbeid!

Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no, eller de kan kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansenummeret 2014/58557.

Med hilsen
Arbeidstilsynet
Marita Scott
tilsynsleder
(sign.)
Pål Erdal
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Med vennlig hilsen

Pål Erdal

Seniorinspektør
Arbeidstilsynet

Mob: +47 416 31 760
Tlf.: +47 815 48 222

Internett: www.arbeidstilsynet.no

Besøksadresse:

Skulegata 11A, Bøndenes Hus
5700 Voss

Postadresse:

Postboks 4720 Sluppen
7468 Trondheim

Arbeidstilsynet — for et godt arbeidsliv

Fra: Marianne Karin Hufthammer [mailto:Marianne.Karin.Hufthammer@hfk.no]

Sendt: 17. februar 2014 10:30

Til: Erdal, Pål

Emne: Oppfølging etter møte 28/1

Hei og takk for sist!

Du sa du skulle komme med en oppsummering etter møtet vi hadde 28.januar, men eg kan ikkje sjå at vi har mottatt dette. Har du sendt dette? (vi har lagt om til nytt saksbehandlingssystem, så det kan vera det som er problemet). Dersom du har sendt det, har du anledning til å senda meg ein kopi på e-post?

Ha ein fortsatt fin dag!

Med vennlig hilsen

Marianne K. Hufthammer

K-HMS rådgiver

Bybanen Utbygging

Hordaland Fylkeskommune

Besøksadresse: Nordåsdalen 26

Postboks 7900, 5020 Bergen

Tel.: 400 07 400

E-post: marianne.karin.hufthammer@hfk.no

Dir. tel.: +47 480 96 252

www.bybanen.no